



NVE

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

Bygdinvegen 1989

2940 HEGGENES

Vår dato: 06.08.2025

Vår ref.: 202404293-18 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: SYVHAN - 25/5421

NVE ber om tilleggsinformasjon til søknad om vassuttak og regulering av Mellsenn i Øystre Slidre kommune i Innlandet

NVE viser til søknad om vassuttak og regulering av Mellsenn datert 28.2.2024.

Etter høyringsrunden har NVE sett nærmare på søknaden og finn den mangelfull på nokre tema. Kravet om tilleggsinformasjon er heimla i vassressurslova § 23 2. ledd. Kravet er av prosessuell art og ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på.

NVE utset planlegging av synfaring til vi har motteke etterspurt tilleggsinformasjon.

NVE ber om at de oppdaterer søknaden med følgjande:

Teknisk løysning for minstevassføring.

- Det manglar ei vurdering og forklaring av kva verdiar føreslått minstevassføring skal ivareta, og om løysning for slepp av minstevassføring sikrar tilstrekkeleg kontinuitet i vassdraget. Det manglar ei fagleg grunngjeving av om foreslått minstevassføring sikrar kjente verdiar og rettigheter nedstraums Mellsenn.

Kvantifisering av uttaket

- NVE etterlyser ei kvantifisering av uttaket som eit snittuttak og ei beskriving av kor ofte ein ser føre seg å bruke meir vatn i kortare periodar. Kor stort vil uttaket vere i periodar der Mellsenn er i bruk som reservevasskjelde, utan Olevatn. Me ber om eit estimert samla uttak gjennom året. Det må tydeleggjerast kva som er normalbehovet, og kva som er behovet i høgsesong for turisme.

Alternative løysningar

Vassressurslova I § 23 i tredje ledd:

«Hvis et vassdragstiltak kan volde vesentlige skader eller ulemper, skal det legges vekt på å få utredet aktuelle alternativer som har en annen lokalisering, andre tekniske løsninger eller en annen utforming. Hvis tiltaket vil ha betydning for disponeringen av vassdraget for øvrig, skal det legges vekt på å klarlegge slike følger»

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

- NVE saknar ei betre forklaring for kvifor ein vel dette alternative framfor tidlegare utgreidde vassforsyningsplanar i Øystre Slidre kommune. Er andre råvasskjelder i nabokommunen vurdert?
- NVE saknar ei forklaring for kva tiltak kommunen set inn for å redusere vassforbruket i periodar med vassmangel.

Avbøtande tiltak

Søklar har vurdert at § 12 i vassforskrifta kjem til anvending i saka. For at ny aktivitet eller nye inngrep som medfører at ein ikkje når miljømåla, kan godkjennast, skal alle praktisk gjennomførbare tiltak settast inn for å avgrense negativ utvikling i tilstanden til vassførekomsten.

- NVE saknar fleire tiltak for å avgrense negativ utvikling i vassførekomsten.

Ander forhold

NVE har motteke fleire høyringsuttalar der ein er bekymra for konsekvensane for seterdrifta og beitenæringa i området.

- NVE ber om ei vurdering kring vassuttaket sin påverknad på seterdrifta og beitenæringa i området.

Ekspropriering

Kommunen søker om oreigning av nødvendige rettigheter. Vi informerer om at kommunen må levere ein konkret søknad om oreigning for at denne delen av søknaden kan vurderast. Og at forsøk på å inngå minnelege avtalar skal vere gjort.

Med helsing

Silje Aakre Solheim
seksjonssjef

Anders Kvaløy Olsen
seniorrådgjevar

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE